



Terje Rød eit par minutt før han går i mål på toppen.

Uskedelingen Terje Rød har siste året imponert i fleire motbakkeløp. Laurdag imponerte han igjen! Terje vart nr.2 totalt i konkurranseklassen i Varden Opp på Sandvoll. Han fekk tida 26.50 som vert rekna som knallgod av dei som kjenner løypa. Han deltek i klassen 40-99år, og vart berre slått av ungguten Vebjørn Holmedal.

Varden Opp har fått ord på seg for å vera eit fantastisk familiearrangement, der dei legg opp til eit program med leikar og servering på Stølen undervegs i løypa. Her er det mange både kreative og tradisjonelle leikar og konkurransar som har det til felles at dei er særdeles kjekke og alle kan delta. I tillegg er det god servering både av kaker, saft, pølser, kaffi og sikkert meire til! Både bålpanna og kaffi-Lars var på plass. Folk storkosa seg i år som i fjor!

Gledeleg var det for arrangørane at det vart sett rekord i antal familiar som tok turen opp til Stølen. Dermed har dei oppnådd hovudmålet med å få folk ut i naturen i sosialt fellesskap. I mini-Varden for dei yngste var deltakartalet som i fjor, medan det var ein betydeleg nedgang i konkurranseklassen.

Frå Uskedalen deltok heile 40 i fjor, medan det i år var langt færre. Det har nok samanheng med alt som skjer denne helga, for dei som var der i fjor, var fulle av lovord om arrangementet.

Terje Rød har nok godt treningsgrunnlag etter alle turane til Solfjell. Det kan de lesa om [her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kurt M. Haugland